


Toleransevinduet

Det du viser på skjermen:	Handling	Tips
Opne sida	Introduser måten å jobbe på: Vi skal ha ei lita temaøkt frå Livet&Sånn. Vi skal sjå ein film og de skal få snakke saman i smågrupper. Filmene og opplegget er laga av psykologar og barnevernspedagog, ein kompetanse som supplerer den vi har i barnehagen. Vi brukar dette saman, men eg har ikkje rolla som ekspert eller foredragshaldar.	
	Vis filmen Toleransevinduet, - sjekk og juster tilstand - YouTube	Du kan gjerne gjere klar filmen på førehand, sørg for at alle ser og høyrer. Sjå i fullskjerm, og bruk esc-knappen for å kome tilbake til sida.
	Toleransevindu-modellen kan vere nyttig i barnehagen. Også vi som jobbar med barn har ulik aktiveringsnivå, og dette kan variere gjennom dagen, og vi kan ha periodar der vi har eit smalare toleransevindu. Før vi snakkar litt med kvarandre om dette vil eg at du først brukar eit lite minutt til å reflektere over deg sjølv og di eiga aktivering: • korleis kan du legge merke til at du nærmar deg, eller har bikka inn i, raud eller blå sone?	
	No kan de prate saman to og to. • Kva hjelper deg ned i grøn sone når du er på raud? • Kva kan hjelpe barn ned frå raud sone? (vil sjølvsagt variere mellom ulike barn)	
	• Kva hjelper deg opp i grøn sone når du er på blå – og har behov for å fungere innanfor toleransevinduet? (nokre gongar er det faktisk heilt greitt å vere i blå sone og kvile litt!) • Kva kan hjelpe barn opp frå blå sone ved behov?	
	Felles refleksjon: er det noko av dette vi tenker vi bør følgje opp? Korleis?	
Grå boks øvst – lær meir om dette	Vis at dei kan gå inn på denne og finne tips til kvar dei kan lære meir om temaet.	